

Årsmelding 1 9 9 9



SIM



Innhald

Ei ny tid	3
SIM fram til i dag	4
Føremålet med selskapet.	5
Organisering.	5
Styret si årsmelding	8
Avfallsmengder	12
Attvinning	14
Avfallsgebyr	15
Rekneskap	16

Fakta om SIM

Eigarkommunar: Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes

Innbyggjarar: 54,819

Abonnentar: Vanlege: 21659 Hytter: 4891

Heimekomposterer: 4549

Kg per innbyggjar 1999: 302

I redaksjonen: Trond Hauso Hansen
Foto for- og bakside: Jan Rabben. I Sunnhordland finn me måren først og fremst i fastlandskommunane og Tysnes. Bileta er tekne i Sveio.
Grafisk produksjon: Sunnhordland
Opplag: 1.000
Trykt på resirkulert papir: 120 gr RC pigmentert, omslaget er Ocean 210 gr
Redaksjonen avslutta 10.mars 2000.

1 Ei ny tid



I september vart det slutt på mottak av det såkalla bergensboset, og dermed vart 1999 det siste året med høg aktivitet i deponiet. Fire år med køying av

restavfall mellom Bergen og Svartasmoget har sett sine spor. Dei positive er at selskapet i dag er gjeldfritt, har solid økonomi og har gitt viktige bidrag til vegbygging i nærområda. Samstundes er det ikkje tvil om at transporten av einsskilde er blitt oppfatta som negativ, og at drifta av den store fyllplassen ved spesielle vêrtilhøve vert merkbar for dei næraste naboane.

Dei store mengdene som har hamna i deponi i desse åra, byr på utfordringar når det gjeld etterdrift. Selskapet har teke på seg monalege forpliktingar, og det er avgjerande at det vert sett av nok pengar til å kunna avslutta og driva fyllplassen miljørett fleire tiår fram i tid.

Det er særleg gledeleg å registrera at veksten i avfallsmengda ser ut til å ha stogga. For avfall som vert henta heime hos folk, bio-, papir- og restavfall, er mengda nær den same som året før. Også for anna avfall

viser trenden ei utflating samanlikna med dei seinare åra.

Attvinningsprosenten er den same som i fjor, men hadde vore høgare dersom me ikkje hadde endra utrekningsmåte. Ein aukande del av avfallet finn vegar utanom dei kommunale ordningane. Mykje av det avfallet som kan gå til attvinning, forsvinn i dag til nasjonale returordningar og kjem difor ikkje med i SIM sine statistikkar.

I året som gjekk, investerte selskapet i opprusting av miljøsentralane i Sveio og Kvinnherad. No er arbeidet med å rusta opp miljøsentralane snart fullført. Etter mi meining er eit solid grunnlag lagt, og selskapet er no mode for å ta på seg nye utfordringar. Saman med eigarane må me no drøfta om det er andre kommunaltekniske oppgåver det er ønskjeleg at selskapet engasjerar seg i.

Bergensboset har gitt travle år med høg aktivitet, og eg vil nytta høvet til å takka alle som har stått på i denne perioden og jobba seg gjennom dei utfordringane som dukka opp. Dette gjeld spesielt tilsette, transportørar og innbyggjarar i Fitjar kommune.

Med helsing



Terje Gilje
dagleg leiar

2 SIM fram til i dag

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd, med hovudanlegg i Svartasmoget i Fitjar kommune. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

SIM er ansvarleg for innsamling av alt forbruksavfall og slam frå dei 55.000 innbyggjarane og 15 - 20.000 hyttebrukarane i regionen. Det er innført kjeldesortering i heile SIM-området, med sortering i dunk for bio-, papir- og restavfall.


Det er bygd miljøsentralar som innbyggjarane i alle kommunane kan gjera seg nytte av. I tillegg er det i alle kommunar ein del bringepunkt for mottak av glas og

hermetikkboksar. Det er lagt opp til at hushaldningane kan sortera ut spesialavfall, elektrisk og elektronisk avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plast, hageavfall m.m. Dette må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

SIM har fellesanlegg i Svartasmoget som inneheld administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral samt hall og utstyr for kompostering av våtorganisk avfall. Her er òg anlegg for mottak og handsaming av avløpsslam.

SIM legg stor vekt på førebyggjande tiltak for å redusera ulempene med miljøforureining av luft, vatn og nærområde, og vil arbeida for å oppfylle nye miljøkrav og utnytta ressursane i avfallet.

- Miljøsentralar
- Hovudanlegg
- SIM Næring AS, sorteringsanlegg for næringsavfall



3 Føremålet med selskapet

I paragraf 2 i vedtektene heiter det at føremålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal byggja og driva innsamlingsystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.


4. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet skal vidare i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.
5. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljørette løysingar t.d. når det gjeld gjenvinning.

4 Organisering

Representantskapet er det øvste organet i selskapet. Kommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret.

Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta. SIM hadde ved utgangen av året 18 tilsette.

SIM Næring AS er eit heileigd dotterselskap til SIM og har eiga generalforsamling, eige styre og dagleg leiar. Selskapet har 10 tilsette.



4.1 Representantskap

Folketalet avgjer kor mange medlemmer kvar kommune har i representantskapet. Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemmer og personlege varamedlemmer til representantskapet for fire år i gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemmene er fordelte slik:

Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet har hatt eitt møte i 1999 (april) og handsama 11 saker.

4 Organisering

4.2 Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Dei vert valde for to år i gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette. Det er representantskapet som vel styremedlemmene, etter at kandidatar er peika ut av medlemskommunane.

Kommune	Styremedlem	Varamedlem
Austevoll	Olav P. Årland	Bjørn Wefring
Bømlo	Martin Laurhammer (styreleiar)	Eli Furnes
Fitjar	Bjørn Haaland	Anne Line Innvær Olsen
Kvinnherad	Ove Lemicka (nestleiar)	Arve Opsanger
Stord	Else-Berit Helle	Jarle Nakken
Sveio	Jens Aksdal	Olav Haugen
Tysnes	Asle Bernt Rekve	Nils Eivind Hansen
SIM	Nils Inge Rimbereid	Tove V. Nygård


Desse sat i styret ved utgangen av året. Styret hadde 10 møte i 1999 og handsama 47 saker.

Styret i SIM 1999 - 2000. Frå venstre: Bjørn Haaland, Nils Inge Rimbereid, Else-Berit Helle, Asle Bernt Rekve, Olav P. Årland, Eli Furnes og Ove Lemicka. Styreleiar Martin Laurhammer og Jens Aksdal var ikkje til stades då biletet vart tatt.



4 Organisering

4.3 Tilsette



Svartasmoget:

På bildet ser me administrasjonsbygget og vekta, med lager for m.a. spesialavfall i bakgrunnen.



5 Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA driv med kommunal renovasjon og slutthandsaming av avfall.

1999 var totalt sett prega av lågare driftsmessig aktivitet. I september starta BiR prøvedrifta av forbrenningsanlegget i Rådalen, og dermed vart det slutt på køyring av restavfall frå BiR. Dette førte til at det frå denne datoen blei kutta ned til eitt skift.

Bortfallet av restavfall frå BiR er og godt merkbar i statistikkane. Totalmengda med avfall gjekk ned med drygt 30 prosent, eller om lag 30.000 tonn. Neste år vil mengda til deponi berre bli om lag ein firedel av det ho har vore dei siste åra. Selskapet er då tilbake på eit aktivitetsnivå tilsvarande det som var før perioden med deponering av restavfall frå BiR tok til.

Med verknad frå andre halvår overtok selskapet fakturering og forvaltning av renovasjon i Bømlo kommune.

Økonomi

Året vart prega av at selskapet gjennomførte tunge investeringar. Totalt vart det investert 23 millionar kroner, med miljøsentralane (14 mill.) og ny komposthall (4 mill.) som dei største postane.

Ettersom det vart slutt på levering av restavfall frå BiR noko tidlegare enn venta, fekk selskapet eit bortfall på fire millionar kroner i inntekt. Dette vart kompensert ved at renteinntektene vart tilsvarande høgare. Omsetninga enda på 73,5 millionar kroner.

Selskapet byrja i 1999 arbeidet med overgang frå saldo til lineær avskrivning. Dermed blir biletet av verdiane i selskapet meir reelt. Endringa utløyste og ekstraordinære avskrivningar på 1,3 millionar kroner i 1999. Selskapet hadde omlag 600.000 kroner i underskot på den kommunale renovasjonen. Dei økonomiske resultatata i årsmeldinga

synar at føresetnadene for framleis drift er til stades.

Disposisjon av overskot

Overskotet på 27,361 millionar kroner vart i sin heilskap brukt til å styrkja eigenkapitalen.

Skattesak

Selskapet har ei uavklara skattesak. Varsel om skatteplikt for selskapet vart første gong varsla av Fitjar likningskontor i 1996.

Miljøfond

I 1996 vart det oppretta eit miljøfond som skulle dekkja kostnader Fitjar kommune måtte få på grunn av leveransane frå BiR. Dette gjeld særskilt drifta i Svartasmoget. I alt er det betalt inn to millionar kroner i fondet.

Arbeidsmiljø og personalendringar

Selskapet hadde ved utgangen av året 18 tilsette. To tilsette hadde engasjement knytt til drift av deponi, og desse gjekk ut 31. desember. Overtakinga av arbeidsoppgåver for Bømlo kommune gjorde det naudsynt å styrka resepsjonen med ei ekstra stilling.

Sjukefråveret var i 1999 på tre prosent. Det har ikkje vore skadar med fråver.

Slutthandsamingsavgift

Nytt for året var at selskapet vart pålagt av staten å krevja inn avgift på alt avfall som går til deponi. Avgifta var i 1999 på 376 kroner inkl. mva. per tonn, og totalt utgjorde dette ein ekstra kostnad for selskapet, og dermed og kundane, på over 31 millionar kroner inkl. mva.

Vegforskottering

SIM har i alt gitt lovnad om i alt 33,8 millionar kroner. Av dette er 8,6 millionar kroner utbetalt og det står då att 25,2

5 Styret si årsmelding

millionar kroner som selskapet har forplikta seg til å betala.

Stabilisering av mengdene

Oversynet over avfallsmengder syner gledeleg nok ei stabilisering samanlikna med dei seinare åra. Mengdene med papir-, bio- og restavfall som vert henta inn på rutene, er nær identisk med 1998, og i alt leverte kvar innbyggjar i kommunane i overkant av 300 kg avfall. Det er vanskeleg per i dag å peika på konkrete årsaker til denne utviklinga, men styret ser ljost på framtida dersom denne trenden held fram. Attvinningsprosenten var 46.

Opprusting av miljøsentralane

To miljøsentralar har i 1999 gjennomgått omfattande opprustingsarbeid. 6. mai opna ny miljøsentral i Sveiåsen i Sveio kommune. Sentralen ligg like i nærleiken av den førre og vil gje innbyggjarane i kommunen eit godt alternativ i høve til dei tilboda som finst lenger sør på Haugalandet.

Kvinnherad kommune fekk òg ny miljøsentral i året som gjekk. Arbeidet var ferdig rett før året var omme, medan offisiell opning ikkje var før 19. januar 2000. Sentralen har blitt den største og beste selskapet har og vil gje både private og næringslivet eit betra tilbod om sortering av avfallet. Byggjearbeidet har bydd på monalege utfordringar både når det gjeld tekniske løysingar og dei grunnmessige tilhøva og er SIM sitt største anleggsmessige lyft til no. Selskapet vonar at satsinga vil redusera dei miljøulempene naboar har hatt som følgje av drifta av miljøsentralen.

I alt vil arbeidet med å rusta opp dei seks miljøsentralane kosta selskapet fleire titals millionar kroner. Satsinga har vore ein del av styret sin strategi for å auka mengda med avfall som vert sortert ut for attvinning og for å motverka ulovleg deponering.

Komposthall

I juni tok styret ei avgjersle om å byggja ny komposthall i Svartasmoget. Bakgrunnen for vedtaket er eit ønskje om å betra arbeidsmiljøet for dei som arbeider med komposteringa, få betre kontroll med sjølve prosessen og redusera luktulempene. Arbeidet vil bli fullført våren 2000.

Arbeidet med å reisa den nye komposthallen i Svartasmoget tok til sommaren 1999. Bygget er no ferdig reist og berre asfalteringa står att.



Naboundersøking

På vegner av SIM gjennomførte konsulent-selskapet ICG ei driftsevaluering av Svartasmoget avfallsanlegg. Ein del av denne evalueringa var ei spørjeundersøking som tok sikte på å avdekkja eventuelle ulemper naboane til fyllplassen måtte ha. Undersøkinga synta at det ved ein skilde vèrtilhøve er registrert luktplager i ein avstand på opptil to kilometer, og at dei næraste naboane (800 – 1200 m avstand) opplever plager med fugl. 32 naboar deltok i undersøkinga, og resultatata vart presenterte for dei på eit fellesmøte. Undersøkinga har vore ein del av selskapet sitt arbeid med å redusera ulempene ved drifta.

5 Styret si årsmelding

Sigevatn

Sigevatnet vert overvaka og analysert, og det vert teke prøver av grunnvatnet og bekken under deponiet. I periodar med mykje nedbør har det vore eit problem å ta unna flaumtoppane. Difor vart det som første steg i sommar lagt ut ny sigevassleidning i Stokksundet. Han går 280 meter lenger ut og 30 meter djupare enn den førre. Den gamle leidningen vert no brukt som naudoverløpsleidning.


SIM tek prøver av sigevatnet tolv gonger kvart år, og desse vert sende til akkreditert laboratorium. Prøvene vert analyserte for i alt 13 parametrar, m.a. bakterieinnhald, pH-verdi og innhald av nærings salt og tungmetall (sjå tabell side s. 26). Over ein periode på to år har prøvene synt svært høge verdiar av kvikksølv. Det vart i 1999 sett inn store ressursar, både i form at tid og pengar, for å finna årsaka til dei høge verdiane. Til slutt viste det seg at syra som vart tilsett prøvene for å konservera dei, var infisert av kvikksølv. Dei feilaktige resultat er i ettertid kjent ugyldige av eit uavhengig konsulentselskap.

I samband med dette arbeidet har SIM gått gjennom alle rutinar og sider ved overvaking og prøvetaking av sigevatn, for å sikra kvaliteten på dette arbeidet framover. I tillegg vart alle prosedyrar for mottak av avfall frå transportørar gått gjennom for å avdekka ev. manglar.

Anna miljøovervaking

Gassen vert sogen ut av fyllplassen og brend i fakkell. Dermed vert metangassen omforma til den mindre skadelege gassen CO₂. I røynda sug gassanlegget 150 m³ kvar einaste time.

Selskapet har og program for å halda skadedyr borte frå fyllplassen, og uønskte fuglar vert freista haldne borte ved hjelp av måsenett og andre tiltak. I tillegg vert flygeavfall og anna avfall jamleg rydda bort frå nærområdet.



I gasshuset vert det kvar time brent 150 m³ gass i fakkell.

På fyllplassen vert det berre jobba på eit avgrensa område om gongen, og dette vert kvar veke dekt til med kalk.

Avfallsplan 2000-2003

I følgje forureiningslova § 33 pliktar kommunane å utarbeida rullerande avfallsplanar minimum kvart fjerde år. SIM gjer dette arbeidet saman med kommunane, og rulleringa starta hausten 1998. Planen vart godkjend av representantskapet i april og lagd ut til høyring sommaren 1999. Då fristen gjekk ut, hadde det i alt kome seks uttaler. Per medio mars 2000 er planen blitt godkjent i alle kommunestyra, med unntak av Austevoll.

Avtaleskjønn

I leigeavtalen SIM har med grunneigarane i Svartasmoget, er det avtalt at innan fem år skulle det haldast avtaleskjønn for å setja kroner på dei ulempene dei næraste eigedomane har med fyllplassen. Dette skjønnet vart avvikla 30. september, og resultatet synte at SIM samla må betala kr. 50.000 i ulempeerstatning.

Hytterrenovasjon

Ordninga for hytterrenovasjon er under kontinuerleg utvikling. I året som gjekk, vart det utplassert hyttetun i Tysnes, medan tiltak for å plassera ut tun vart planlagt for Austevoll og Kvinnherad. I tuna er det


5 Styret si årsmelding

dunk for restavfall og papiravfall. Tuna vert merkte med gards- og bruksnummer etter kvart som dei vert sette opp. Hytteabonnentar som bur nær henteruta, kan setja ut dunk for restavfall ved vegen.

Slamtøming

I 1999 vart det utført tøming av slamavskiljarar for hytter og heilårsbustader i Bømlo og Sveio, og heilårsbustader i Austevoll og Kvinnherad.

Informasjon



I sommar vart det vedteke at selskapet skulle på internett (www.sim.as). Like over nyttår 2000 var sidene klare for utsending, og me er svært spente på korleis det utvida informasjonstilbodet vert motteke. Målet med å utvikla nettsider er i hovudsak å betra servicen og tilbodet til abonnentane, og på sikt vonleg få mindre


pågang på sentralbord/resepsjon.

I mai vart det og sett i gang eit internt informasjonsskriv for tilsette og styra i SIM og SIM Næring AS. Skrivet, som har fått namnet Stuttnytt, kjem ut om lag kvar fjortande dag og er allereie blitt eit viktig verktøy i det interne informasjonsarbeidet. Alle vanlege abonnentar mottok i 1999 fire utgåver av informasjonsbladet SIM-nytt, medan eitt nummer også vart sendt til hytteeigarar. Totalopplaget var på om lag 100.000 eksemplar. I tillegg vart det laga årsmelding, avfallsplan og tømekalender.


Framtida

Selskapet står føre store og spanande utfordringar i åra som kjem. Ny konsesjon kjem truleg i løpet av første halvår 2000, den økonomiske røynda vert svært annleis etter bortfallet av restavfall frå BiR, og det er uvisse knytt til kva rammevilkår styresmaktene vil setja når det gjeld renovasjon og avfallshandsaming dei komande åra. I tillegg vil dei stadig meir omfattande nasjonale returordningane føra til at det vert vanskeleg å gje eit godt oversyn over avfallsstraumane i SIM-området.


Me føler at selskapet er godt budd på å møta desse utfordringane og i stand til å tilpassa seg endringar i rammevilkåra.



Martin Laurhammer



Terje Gilje




Ove Lemicka




Olav P. Årland



Jens Aksdal




Nils Inge Rimbereid



Else-Berit Helle



Bjørn Haaland



Asle Bernt Rekve

6 Avfallsmengder


For SIM-kommunane er mengdene med hushaldsavfall omtrent dei same som i 1998, medan det var ein liten auke når det gjeld næringsavfall. Trenden for hushaldsavfall er svært gledeleg, og me kan berre vona at han vil halda fram og helst forsterka seg dei komande åra.

For 1999 er måten å rekna ut mengdene på noko justert. Difor kan ikkje tala som vert presenterte i denne årsmeldinga, samanliknast direkte med tala frå åra før. I statistikkane er det no berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Det vil seia at tala ikkje omfattar t.d. bilvrak og er justerte for meir korrekt deling av avfallet i hushald og næring. I tillegg gjer dei stadig meir omfattande returordningane det vanskelegare å presentera gode statistikkar for slikt avfall. Dette gjeld m.a. kuldemøblar, EE-avfall, bildekk, batteri og panteordningar for boksar og flasker.

I alt mottok SIM 16.541 tonn med hushaldsavfall frå SIM-kommunane, som er nær identisk med 1998. Av dette gjekk 46 % til attvinning, det same som året før.


Når det gjeld dei tre hentefraksjonane, rest-, bio- og papiravfall, er totalmengda nær uendra i høve til 1998. Restavfallet har minka med 1,5 %, papirmengda har auka med 2 %, medan mengda med våtorganisk er den same som i 1998.

Avfall henta heime hos folk:




Ved å plussa på glas og heimekomposter- ing (kalkulert mengde), får me følgjande tal

per kommune samanlikna med 1998 (prosentvis endring):



Mengd til deponi har vore sterkt avhengig av mottak av restavfall frå BiR. I 1999 vart det deponert 30.000 tonn mindre enn året før, ein nedgang på nesten ein firedel. Årsaka finn me i at levering av avfall frå BiR stogga i september dette året. Prognosen for neste år er at totalt sett berre 20 - 25.000 tonn avfall hamnar i deponiet i Svartasmoget.

Mengder til deponi (i tonn)




6 Avfallsmengder


Samla avfallsmengder (i tonn):

1. Hushaldsavfall SIM (til deponi):	8.913
2. Hushaldsavfall SIM til attvinning:	7.628
3. Næringsavfall SIM (til deponi):	10.715
4. Næringsavfall SIM til attvinning:	3.173
5. Hushald andre kommunar:	52.552
6. Næringsavfall andre kommunar:	12.924
7. Slam (attvinning):	3.105

Til saman: 99.010



Note: Berre medrekna avfall som SIM tek hand om, men inkl. heimekompostering. Tala omfattar ikkje t.d. bilvrak, avfall som vert samla inn gjennom nasjonale returordningar (elektrisk og elektronisk avfall, kuldemøblar, bildekk, batteri og panteordningar for boksar og flaskar) og næringsavfall som skrapjern, plast, papp, og ensilasje frå fiskeindustrien.



I perioden med levering av restavfall frå BiR kom det kvar dag 10-15 vogntog med avfall til deponiet i Svartasmoget.



Det vert til ein kvar tid berre arbeida med eit avgrensa område av deponiet (ei celle).

7 Attvinning

Me har tre typar attvinning:

Ombruk – dette er gjenstandar som nokon kastar, men som andre kan gjera bruk av m.a. ved enkle reparasjonar. Døme er sykklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer.


Materialattvinning – når avfall vert brukt som råstoff i produksjonen av nye varer. Eit døme er når glas vert brukt til isolasjon, til nye flasker og glas eller som råstoff i Glavamatter.

Energiattvinning – når avfallet vert brukt som energikjelde, t.d. når ein brukar tre eller papir til oppvarming.

I 1999 gjekk 46 prosent av hushaldsavfallet SIM mottok frå medlemskommunane til attvinning, det same som året før. Avfall som er samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane, er ikkje med i dette talet. SIM har ikkje tilgjengeleg statistikk for slikt avfall i regionen. Dette gjeld m.a. kuldemøblar, elektrisk og elektronisk avfall, bildekk, batteri og

panteordningar for boksar og flasker. 90 prosent av dei utrekna mengdene med våtorganisk avfall gjekk i 1999 til attvinning.

Hushaldsavfall til attvinning (i tonn):




Note: Berre medrekna heimekompostering og avfall som vert samla inn på oppdrag for oss. Omfattar ikkje avfall samla inn gjennom nasjonale returordningar.

7.1 Heimekompostering

21 prosent av abonnentane komposterar bioavfallet sitt heime, og dette talet har halde seg stabilt dei siste tre åra. Bildet vert meir nyansert dersom me samanliknar kommunane. Austevoll ligg på botnen med 13,6 prosent og Sveio er beste

komposteringskommune med over 30 prosent. Abonnentar som komposterar heime slepp m.a. å betala for biodunk (369 kroner) og bioposar, dei produserar sitt eige jordforbetningsmiddel til bruk i hage m.m. og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.



8 Avfallsgebyr

8.1 Gebyrsystemet

Måla for gebyrordninga er å få mindre avfall, meir attvinning, meir effektiv drift, å gjera folk medvitne om avfallet og få ei meir lik ordning.

Abonnentane kan m.a. spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall slik at ein treng mindre dunkar
- sjeldnare henting av dunkane
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

8.2 Kva er gebyra?

Det er eit krav at avfallsgebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon i kommunen, både gebyra til SIM og utgiftene til eigen kommunal administrasjon. Det er kommunestyret i kvar av kommunane som fastset gebyra i sin kommune.

Alle abonnentar må betala eit grunngebyr.

Dette er den delen av kostnadene knytt til renovasjon som ikkje vert dekt av dunkgebyra. Eksempel på slike kostnader er felleskostnader, kommunale eigenkostnader og ymse tilbod om attvinning. Grunngebyret varierer mellom kommunane.


I tillegg kjem eit gebyr for kvar av dei tre avfallsfraksjonane som vert henta. Desse varierer etter dunkstorleik og hentefrekvens. Målsetjinga for selskapet er at satsane skal vera like i kommunane.

Eit gjennomsnittsabonnement syner kva abonnentane faktisk betalar og er korrigert for dei val abonnentane gjer når det gjeld storleik på dunkane, om dei komposterer heime eller om dei deler dunk. Den gjennomsnittlege abonnenten til SIM vil i 2000 betala 1.774 kroner inkl. mva. i renovasjonsgebyr.


Medlemskommunane betalar SIM for leverte avfallsmengder, i tillegg til eit gebyr for kvar abonnent. For 2000 gjeld følgjande gebyr (tal inkl. mva.):

Vektgebyr	1818 kr./tonn
Abonnentgebyr tredunksystem	401 kr./abonnent
Abonnentgebyr kuldemøblar	66 kr./abonnent
Fakturering abonnentar (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	32 kr./abonnent
Sakshandsaming (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	32 kr./abonnent

Fordeling av SIM sine kostnader knytt til den kommunale renovasjonen:




1. Innsamling:	39%	4. Attvinning:	10%
2. Avgifter til staten:	24%	5. Administrasjon:	9%
3. Miljøsentralar:	14%	6. Restavfall/deponi:	4%



9 Rekneskap

9.1 Kvar kjem inntektene frå?

Fordeling av inntekter for 1999
(alle summer i 1000 kr.)



1. Mottak avfall frå BiR:	28.963
2. Mottak forbruksavfall frå SIM-kommunar:	26.092
3. Mottak produksjonsavfall:	9.553
4. Slam medlemskommunar:	5.806
5. Renteinntekter:	4.072
6. Andre inntekter:	2.013
7. Miljøsentralar:	599
8. Slam andre kommunar:	451


Til saman: 77.549

9.2 Kva går kostnadene til?

Fordeling av kostnader for 1999 (alle summer i 1000 kr.):

1. Transport:	11.445
2. Avskrivningar:	10.554
3. Fyllplass:	9.658
4. Slam:	4.787
5. Administrasjon:	4.411
6. Andre kostnader med kommunal renovasjon :	4.147
7. Miljøsentralar:	3.498
8. Kompostering:	1.162
9. Produksjonsavfall:	526

Til saman: 50.188



Bosbil med den karakteristiske SIM-rosa, som er det bærande element i selskapet si grafiske profil.

9 Rekneskap

9.3 Balanse per 31.12.1999

Eignelutar	Note	1999	1998
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter		3 397 133	3 397 133
Maskinar og anlegg	1,4	46 834 229	33 499 181
Inventar og kontorutstyr	1,4	513 284	866 434
Sum varige driftsmiddel		50 744 646	37 762 748
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Aksjar i dotterseselskap	13	200 000	200 000
Andre aksjar	13	33 000	33 000
Forskottering vegar	12	8 669 472	6 600 000
Sum finansielle anleggsmiddel		8 902 472	6 833 000
Sum anleggsmiddel		59 647 118	44 595 748
Omløpsmiddel			
Kundekrav	1,2	7 164 922	7 470 506
Krav på konsernselskap	2	1 254 260	1 120 560
Andre kortsiktige krav	2	-8 936	2 600
Sum krav		8 410 246	8 593 666
Kontantar, bank	6	57 697 017	46 417 320
Sum omløpsmiddel		66 107 263	55 010 986
SUM EIGNELUTAR		125 754 381	99 606 734
Gjeld og egenkapital			
Eigenkapital			
Innskote eigenkapital			
Selskapskapital	9	173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	8	119 593 340	92 231 385
Sum eigenkapital		119 766 370	92 404 415
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 543 636	5 450 961
Skuldig til konsernselskap	2	89 200	242 228
Skattetrekk, arb.gj.avg. mva, etc.		1 355 175	1 469 546
Anna kortsiktig gjeld			39 584
Sum kortsiktig gjeld		5 988 011	7 202 319
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		125 754 381	99 606 734

9 Rekneskap

9.4 Resultatrekneskap per 31.12.1999

	Note	1999	1998
Salsinntekter		-73 477 265	-88 980 849
Varekostnad (transport)		18 339 126	15 373 011
Løn og sosiale kostnader	7	5 915 070	5 642 799
Ordinære avskrivningar	1,4	9 236 685	12 005 211
Andre driftskostnader		15 380 063	15 605 418
Tap sal driftsmiddel			97 356
Tap på krav	2	31	83 262
Sum driftskostnader		48 870 974	48 807 057
Driftsresultat		-24 606 290	-40 173 792
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		-4 090 558	-2 314 348
Renteutgifter		642	432 149
Andre finanskostnader		17 141	78 649
Netto finansposter		-4 072 775	-1 803 550
Resultat før skatt og ekstraordinære kostnader		-28 679 065	-41 977 342
Ekstraordinære kostnader			
Ekstraordinære avskrivningar	4	1 317 110	
Årsoverskot		-27 361 955	-41 977 342
Overføringer:			
overført til annan egenkapital		-27 361 955	-41 977 342
Sum overføringer		-27 361 955	-41 977 342

9 Rekneskap

9.5 Kontantstrømoppstilling 1999

	1999	1998
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	27 361 955	41 977 342
Betalt skatt i perioden		0
Ordinære avskrivningar	10 553 795	12 005 211
Periodisert forskotsbetalt leasing		
Tap ved sal av anleggsmiddel		97 356
Endring i varelager		0
Endring i kundekrav og leverandørgjeld	-888 470	-496 160
Endringar i andre tidsavgrensingar	11 536	-512 117
Netto kontantstrøm frå o. aktivitetar	37 038 816	53 071 631
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel		200 000
Utbetalingar ved kjøp av driftsmiddel	-23 535 691	-13 770 587
Endring i andre investeringar	-2 069 472	-3 619 220
Netto kontantstrøm frå i. aktivitetar	-25 605 163	-17 189 807
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld		0
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld		
Utbetaling ved nedbet. av langsiktig gjeld		-16 287 660
Utbetaling ved nedbet av kortsiktig gjeld	-153 955	
Netto endring i kassekreditt		0
Utbetaling av utbytte		0
Netto kontantstrøm frå f.aktivitetar	-153 955	-16 287 660
Netto endring i kontantar og bank	11 279 698	19 594 164
Behaldning av kontantar, bank ol. ved periodestart (01.01.)	46 417 319	26 823 155
Behaldning av kontantar bank ol. ved periodeslutt (31.12.)	57 697 017	46 417 319

Tilleggsopplysingar.

Kontantar og bank består av kasse og skattetrekkkonto.
Skattetrekkkontoen utgjer kr 282 290

9 Rekneskap

9.6 Konsernbalanse per 31.12.1999

Eignelutar	Note	1999	1998
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter		3 397 133	3 397 133
Maskinar og anlegg	4	49 994 691	37 353 121
Inventar og kontorutstyr	4	578 288	979 494
Sum varige driftsmiddel		53 970 112	41 729 748
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Andre aksjar	13	33 000	33 000
Forskottering vegar	12	8 669 472	6 600 000
Sum finansielle anleggsmiddel		8 702 472	6 633 000
Sum anleggsmiddel		62 672 584	48 362 748
Omløpsmiddel			
Kundekrav	2	9 447 240	8 700 146
Andre kortsiktige krav	2	109 396	11 944
Sum krav		9 556 636	8 712 090
Kontantar, bank	6	58 490 766	47 587 187
Sum omløpsmiddel		68 047 402	56 299 277
SUM EIGNELUTAR		130 719 987	104 662 025
Gjeld og eigenkapital			
Eigenkapital			
Innskote eigenkapital			
Selskapskapital	9	173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital	8	120 083 494	92 625 604
Sum eigenkapital		120 256 524	92 798 634
Utsett skatt	14	222 580	132 170
Langsiktig gjeld			
Lån	3,5	3 157 392	3 854 587
Sum langsiktig gjeld		3 157 392	3 854 587
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		5 029 207	5 904 301
Skattetrekk, arb.gj.avg. mva, etc.		2 054 284	1 891 649
Anna kortsiktig gjeld			83 684
Sum kortsiktig gjeld		7 083 491	7 879 634
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		130 719 987	104 665 025

9 Rekneskap

9.7 Konsernresultatrekneskap

	Note	1999	1998
Salsinntekter		-80 221 449	-94 883 078
Varekostnad (transport)		19 504 050	17 402 055
Løn og sosiale kostnader		9 765 477,0	8 351 698
Ordinære avskrivningar	4	10 019 168	12 375 535
Andre driftskostnader		15 836 154	16 175 877
Tap sal driftsmiddel			97 356
Tap på krav	2	50 036	152 187
Sum driftskostnader		55 174 884	54 554 708
Driftsresultat		-25 046 565	-40 328 370
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		-4 127 735	-2 343 333
Renteutgifter		285 810	558 815
Andre finanskostnader		23 080	85 137
Netto finanspostar		-3 818 846	-1 699 381
Resultat før skatt og ekstraordinære kostnader		-28 865 410	-42 027 751
Ekstraordinære kostnader			
Ekstraordinære avskrivningar	4	1 317 110	
Skattekostnad			
Skattar	14	90 410	40 756
Årsoverskot		-27 457 890	-41 986 995
Overføringer:			
overført til annan eigenkapital		-27 457 890	-41 986 995
Sum overføringer		-27 457 890	-41 986 995

9 Rekneskap

9.8 Notar til rekneskapen

Note 1. Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med ny rekneskapslov og lov om ansvarlege selskap og komandittselskap, ny lov om aksjeselskap og tilrådingar til god rekneskapskikk. Bankinnskot og krav som forfell innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Elles er eignelutane klassifisert som anleggsmiddel.

Kundekrav

Kundekrav er ført opp i balansen som pålydande.

Aksjar i andre selskap

Aksjane er ført opp med historisk skaffekostnad.

Varige anleggsmiddel og avskrivningar

Anleggsmidla er ført opp med historisk skaffekostnad og tilgang i år, med fråtrekk av avskrivningar frå tidlegare år og avgang i året. Det er brukt lineær avskrivning og saldometoden, jfr. note 4. Datterselskapet nyttar lineære avskrivningar. Ved saldometoden vert avskrivningssummen rekna ut på grunnlag av ein fast avskrivingsprosent. Saldoverdien er avskrivingsgrunnlaget.

Pensjonsskyldnad

Pensjonsansvaret til selskapet i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekt gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ei avgrensa yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor, og stettar dei kriteria for det som vert kalla tilskotsplan. I samsvar med internasjonal praksis for slike planar er den årlege pensjonskostnaden som er ført i rekneskapen i 1999 lik den opptente pensjonspremien.

I tillegg til den ordinære tariffesta tenesteordninga kjem yting av pensjon som er avtalt for dei mellom 63 og 64 år, frå 01.03.98 gjeld dette også for dei som er fylt 62 år. Desse ytingane meiner partane i kommunal sektor er mellombelse, og ein trur dei vert endra i åra framover. Difor er dei ikkje inne i tenestepensjonsordninga. Det er arbeidsgjevar som betalar dette tilskotet i prosent av pensjonsgrunnlaget. Utgiftene til desse ytingane framover er svært usikre. For 1999 vert utgiftene sett til å utgjera 0,35 % av pensjonsgrunnlaget. Ordninga omfattar fast tilsette, engasjement og vikarstillingar, og premien delar seg med 2 % på arbeidstakar og 8 % på arbeidsgjevar. I 1999 omfattar pensjonsordninga 17 personar.

Konsern

Konsernrekneskapen femnar morselskap og datterselskapet, SIM Næring AS, der Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA eig 100 % av aksjane. Konsernrekneskapen viser konsernet sitt resultat og balanse som eitt selskap. Interne transaksjonar og mellomverande i konsernet er skilde ut.

Note 2. Kortsiktige krav

	SIM 1999	Konsern 1999	SIM1998	Konsern 1998
Kundekrav	kr 7 214 922	kr 9 582 240	kr 7 520 506	kr 8 790 146
Avsett til tap på krav	kr -50 000	kr -135 000	kr -50 000	kr -90 000
Sum kundekrav, bal.	kr 7 164 922	kr 9 447 240	kr 7 470 506	kr 8 700 146

Utestående mellom konsernselskap

	SIM 1999	SIM 1998
Kundefordringar	kr 1 254 260	kr 1 120 560
Leverandørgjeld	kr 89 200	kr 242 228

Andre kortsiktige krav, balanse

	kr	kr	kr	kr
Realisert tap	31	5 036	33 262	62 187
- endring tap på krav	-	45 000	50 000	90 000
Tap på kundekrav, resultatført	31	50 036	83 262	152 187
SUM krav balanse	kr 8 410 246	kr 9 556 636	kr 8 593 666	kr 8 712 090

Note 3. Pant

SIM betalte ned alle lån i 1998

	SIM 1999	Konsern 1999	SIM 1998	Konsern 1998
Pantelån		kr 3 157 392		kr 3 851 587
Bokførte eignelutar stilt som tryggleik for pantelån		kr 3 117 502		kr 3 967 000

Note 12. Forskottering av veg

Etter avtale med Fitjar kommune, skal SIM forskottera inntil 16,8 mill. kroner til veg. Desse vert utbetalt iflg. framdriftsplan ved utbygging av vegen. Rest vert ståande som kontantar i bank.

År	1996	1997	1998	1999
Planlagd framdriftsplan		kr 3 000 000	kr 10 600 000	kr 3 200 000
Utbetalt		kr 3 000 000	kr 3 600 000	kr -
Bokført verdi		kr 3 000 000	kr 6 600 000	kr 6 600 000

Ved utbygging av Kvinnherad Miljøsentral inngjekk SIM ein avtale om å forskottera kostnader med veg på industriområdet med Kvinnherad kommune. Midlane skal tilbakebetaltast over 2 år.

Note 5. Lånetilsegn

SIM har kommunale garantiar på kr. 10 mill per 31.12.97, som det ikkje er teke opp lån for.

Note 6. Bundne skatterekksmidlar

Konsernet har bundne skatterekksmidlar med kr 431 584,26

Note 7. Lønskostnader

I gjennomsnitt har det vore tilsett 16,5 personar i 1999

Spesifikasjon av lønskostnader		kr
Løn		4 588 468
Avgifter		628 658
Pensjon		355 695
Andre kostnader		342 250
Totalt		5 915 070

Medrekna i desse kostnadane er det løn til dagleg leiar med kr 347 358 i løn/feriepengar.

Det er og betalt kr 22 105 i pensjon for dagleg leiar og kr 112 671 i styregodtjersle til styret.

I tillegg er det utbetalt kr 30 000 i honorar til revisor

Note 8. Annan eigenkapital

Grunna endring i rekneskapslov er oppstilling for eigenkapitalen endra.

SIM

Endringa på denne kontoen er overskotet for 1998 og 1999.

Konsern

IB	kr	92 625 604
Konsernresultat 1999	kr	27 457 890
(Internt utbytte)		
UB	kr	120 083 494

Note 9. Selskapskapital

Selskapet har ein interessekapital som medlemskommunane har betalt inn, etter folketale per 1.1.89. Den fordeler seg slik:

Austevoll kommune	kr	14 850,00
Bømlo kommune	kr	32 092,00
Fitjar kommune	kr	10 260,00
Kvinnherad kommune	kr	43 000,00
Stord kommune	kr	48 014,00
Sveio kommune	kr	15 180,00
Tysnes kommune	kr	9 634,00
Totalt	kr	173 030,00

Note 10. Etterdrift

Det er i konsesjonen krav til etterdrift av fyllplass i 30 år, men det er ikkje krav til å setja av økonomiske midlar.

Note 11. Skatteplikt

I 1996 kom det varsel om skatteplikt for selskapet frå Fitjar Likningskontor. Dette er ikkje ferdighandsama enno, så det er ikkje teke omsyn til dette i rekneskapen for 1996, 1997, 1998 og 1999

Note 13. Aksjar

I 1997 vart SIM Næring AS oppretta som eit heilgidd datterselskap av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA. Aksjekapitalen var på kr 200 000 fordelt på 200 aksjar a kr. 1000. Selskapet har og kjøpt aksjar i REKOM AS for kr 33.000 fordelt på 66 aksjar à kr 500.

Note 14. Skatt i konsernrekneskapen

Skattekostnaden i konsernet består av: Betalbar skatt på inntekt i 1999

Utsatt skatt	kr 90 410
Skattekostnad	kr 90 410

9 Rekneskap

Note 4. Anleggsmiddel

	Bilar 3) 25%	Maskinar 1)	Kontainarar 3) 20%	Bilvektar 3) 20%
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 813 601	kr 12 324 921	kr 4 932 459	kr 640 125
TILGANG		kr 172 204	kr 2 173 217	kr -
AVGANG				
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 813 601	kr 12 497 125	kr 7 105 676	kr 640 125
AKK. AVSKR. 31/12	kr 525 182	kr 8 533 882	kr 4 044 983	kr 443 424
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 288 419	kr 3 963 244	kr 3 060 694	kr 196 701
EKSTRAORD. AVSKR. FOR ÅRET	kr 37 687		kr 916 147	kr 21 620
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 108 702	kr 1 263 636	kr 994 210	kr 54 580

	Inventar 3) 20%	Kontormaskiner 3) 30%	Fyllplass 2) (10%)	Avf.dunkar (20%)
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 637 127	kr 983 173	kr 18 609 197	kr 10 057 795
TILGANG		kr 143 355	kr 1 329 017	kr 733 829
AVGANG				
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 637 127	kr 1 126 528	kr 19 938 214	kr 10 791 624
AKK. AVSKR. 31/12	kr 364 913	kr 885 458	kr 12 905 582	kr 5 745 902
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 272 214	kr 241 070	kr 7 032 632	kr 5 045 722
EKSTRAORD. AVSKR. FOR ÅRET	kr 31 732	kr 199 828		
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 75 987	kr 188 957	kr 2 327 397	kr 1 261 430

	Bygg 3) 5%	Miljøsentral Austevoll (10%)	Miljøsentral Bomlo (10%)	Miljøsentral Kv.h. (10%)
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 4 262 397	kr 116 755	kr 2 305 478	kr 2 927 227
TILGANG	kr 67 539	kr 1 883 937	kr 130 000	kr 9 939 581
AVGANG				
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 4 329 936	kr 2 000 692	kr 2 435 478	kr 12 866 808
AKK. AVSKR	kr 1 164 625	kr 212 231	kr 520 833	kr 3 613 380
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 3 165 311	kr 1 788 461	kr 1 914 646	kr 9 253 428
EKSTRAORD. AVSKR. FOR ÅRET	kr 110 096			
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 172 390	kr 198 718	kr 212 738	kr 1 028 159

	Miljøsentral Sveio (10%)	Miljøsentral Tynesnes (10%)	Veg industriomr (5%)	Vekt Eldøy (20%)
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 2 060 996	kr 20 140	kr 270 000	kr 253 590
TILGANG	kr 2 246 556	kr 37 096		
AVGANG				
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 4 307 552	kr 57 236	kr 270 000	kr 253 590
AKK. AVSKR	kr 616 245	kr 7 536	kr 26 325	kr 123 752
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 3 691 307	kr 49 700	kr 243 675	kr 129 838
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 410 145	kr 5 522	kr 12 825	kr 32 460

	Hytterrenov. prøvepr (3 år)	Komposthall (10 år)	Investering Eldøy (6,67%)
SKAFFEKOSTNAD 1/1			kr 2 422 989
TILGANG	kr 592 831	kr 4 086 529	kr -
AVGANG			
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 592 831	kr 4 086 529	kr 2 422 989
AKK. AVSKR	kr 197 610	kr 408 653	kr 453 220
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 395 221	kr 3 677 876	kr 1 969 769
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 197 610	kr 408 653	kr 140 773

	Inventar Eldøy (20%)	Maskinar Eldøy (12,5%)	Total SIM
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 57 786	kr 1 394 638	kr 65 090 394
TILGANG	kr -		kr 23 535 692
AVGANG			kr -
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 57 786	kr 1 394 638	kr 88 626 086
AKK. AVSKR	kr 24 501	kr 460 339	kr 41 278 574
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 33 285	kr 934 299	kr 47 347 512
EKSTRAORD. AVSKR. FOR ÅRET			kr 1 317 110
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 8 321	kr 133 471	kr 9 236 684

	Vogntog 1 (8 år)	Vogntog 2 (5 år)	Komprimatorbil (5 år)	Kontainar (5 år)
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 1 482 711	kr 1 524 173	kr 1 231 320	kr 32 100
TILGANG	kr -			kr -
AVGANG				kr -
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 1 482 711	kr 1 524 173	kr 1 231 320	kr 32 100
AKK. AVSKR	kr 417 013	kr 375 337	kr 328 352	kr 13 375
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 1 065 698	kr 1 148 836	kr 902 968	kr 18 725
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 185 339	kr 304 835	kr 246 264	kr 6 420

	Inventar/verktøy (4 år)	Anlegg Eldøy (5 år)	Batteriboksar (3 år)	TOTALT KONSERN
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 41 411	kr 78 110		kr 69 480 219
TILGANG	kr -	kr -	kr 40 950	kr 23 576 642
AVGANG				kr -
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 41 411	kr 78 110	kr 40 950	kr 93 056 861
AKK. AVSKR	kr 22 431	kr 35 150	kr 13 650	kr 42 483 882
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 18 980	kr 42 960	kr 27 300	kr 50 572 979
EKSTRAORD. AVSKR. FOR ÅRET				kr 1 317 110
ORD. AVSKRIVING FOR ÅRET	kr 10 353	kr 15 622	kr 13 650	kr 10 019 167

9 Rekneskap

1) Det er investert i eit stag til krockonteinarar og hjullasterskuffe i 1999. Staget er avskriven over to år, på grunn av kort økonomisk levetid. I tillegg har ein velt spesiell avskrivning (grunna store mengder) på ein kompaktor, som er avskrevet over fire år, og skal restavskrivast i 2000 med same sum som i 1999 - kr 286 979. Noko ekstraustyr til maskinar er avskriven med 30 % grunna kort levetid. Alle andre maskinar er avskriven med 20 %.

2) Fuglenett investert i 1996 vert avskriven over tre år, fuglenett 1997 vert avskriven over to år. Gassanlegg vert avskriven med 75 % på tre år på grunn av

investering i samband med avfall frå Bergen. (restverdi vert avskriven 10 % per år.). Sigevasssystem vert avskriven over tre år. Vaskeplass vert avskriven over to år og 10 månadar.

Det er i 1999 investert kr 1 281 287 i nytt sigevassanlegg. Denne investeringa er knytt opp mot avfallet me har teke imot frå BiR, og vil krevja fleire store investeringar framover. Me vel difor å avskriva heile beløpet som er investert i 1999, då dette er siste året med avfall frå BiR.

Oversyn over spesielle avskrivningar vedr. fuglenett, gassanlegg, og vaskeplass

Tekst	Verdi 31.12.96	Tilgang 1997	Avskrivning 1996	Avskrivning 1997	Avskrivning 1998	Bokført verdi 31.12.98
Fuglenett 96	kr 2 162 096		kr 720 699	kr 720 699	kr 720 699	
Fuglenett 97		kr 1 950 000		kr 688 235	kr 1 261 765	
Gassanlegg	kr 1 296 774	kr 166 305	kr 432 258	kr 515 411	kr 515 411	
Sigevassanlegg	kr 69 800		kr 23 266	kr 23 268	kr 23 268	
Vaskeplass		kr 900 000		kr 317 647	kr 317 647	kr 264 106
Totalt	kr 3 960 929	kr 3 071 714	kr 1 176 223	kr 2 265 258	kr 2 838 790	kr 264 106

I 1999 avskriv ein såleis spesielt vaskeplass og sigevassanlegg, totalt kr 1 545 993. Anna utstyr på fyllplass er avskriven med 10 % og utgjer kr 781 404

3) Ein skal på sikt gå over frå saldo- til lineæravskrivning, for å gje eit betre bilete av restverdien på objektet. Endring av avskrivingsprinsipp har ført til ekstraordinære avskrivningar som er kostnadsført i 1999 som ekstraordinære avskrivningar

Desse anleggsmidla har endra avskrivingsprinsipp i 1999:

* konteinarar	5 år	* bilvektar	8 år
* inventar	8 år	* kontormaskinar	3 år
* bilar	5 år	* bygg	20 år

Desse nyttar framleis saldoavskrivning

* Avfallsdunkar	* Maskinar
* Fyllplass	* Veg industriområde
* Vekt Eldøyane	* Inventar Eldøy
* Maskinar Eldøy	* Investering Eldøy
* Miljøsentralar	
-Austevoll, Bømlø, Kvinnherad, Sveio og Tysnes	

Skjema for anleggsmidla viser ekstraordinære avskrivningar, samt ordinæravskrivning ved saldoavskrivning

Investeringstabla

Oversyn over investeringar dei siste 5 åra. Kolonna for sal er vist der dette er aktuelt

	SIM 1995	SIM 1996	SIM 1997	SIM 1998	SIM 1999
	Investering	Investering	Investering	Sal	Investering
Bilar		kr 289 369	kr 245 969		kr 220 263
Bilvektar					kr 108 249
Maskinar	kr 223 084	kr 3 787 361	kr 1 337 500	kr 297 356	kr 3 985 242
Konteinarar	kr 372 654	kr 1 984 478	kr 972 276		kr 893 857
Avfallsbeholdarar		kr 4 312 633	kr 4 470 621		kr 1 274 541
Inventar		kr 302 167	kr 75 865		kr 28 676
Kontormaskinar	kr 20 469	kr 223 260	kr 72 580		kr 436 502
Fyllplass	kr 570 949	kr 4 180 632	kr 3 568 638		kr 2 097 931
Veg industriomr					kr 270 000
Miljøsentralar	kr 47 339	kr 106 186	kr 1 691 906		kr 4 104 969
Eldøy			kr 4 129 003		
Bygg	kr 149 385	kr 153 224	kr 693 885		kr 350 357
Hytterenov.prøve					kr 67 539
Komposthall					kr 592 831
					kr 4 086 529
TOTALT	kr 1 383 880	kr 15 339 310	kr 17 258 243	kr 297 356	kr 13 770 587
	Konsern 1997	Konsern 1998	Konsern 1999		
	Investering	Investering	Investering		
Bilar	kr 245 969	kr 220 263			
Bilvektar	kr -	kr 108 249			
Maskinar	kr 1 337 500	kr 3 985 242	kr 172 204		
Vogntog	kr 1 482 711	kr 1 524 173			
Komprimatorbil		kr 1 231 320			
Konteinarar	kr 1 004 376	kr 893 857	kr 2 173 217		
Avfallsbeholdarar	kr 4 470 621	kr 1 274 541	kr 733 829		
Inventar	kr 117 276	kr 28 676			
Batteriboksar			kr 40 950		
Kontormaskinar	kr 72 580	kr 436 502	kr 143 355		
Fyllplass	kr 3 568 638	kr 2 097 931	kr 1 329 016		
Veg industriomr		kr 270 000			
Miljøsentralar	kr 1 691 906	kr 4 104 969	kr 14 237 170		
Eldøy	kr 4 207 113				
Bygg	kr 693 885	kr 350 357	kr 67 539		
Hytterenov.prøve			kr 592 831		
Komposthall			kr 4 086 529		
TOTALT	kr 18 892 575	kr 16 526 080	kr 23 576 640		

9 Rekneskap

Melding frå revisor

KOMMUNEREVISJONEN FOR SUNNHORDLAND

Kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord

Revisjonsmelding for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA.

Til Representantskapet i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA.

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA for rekneskapsåret 1999, som viser eit årsoverskot på kr 27.361.955 for morselskapet og eit årsoverskot på kr 27.457.890 for konsernet. Årsrekneskapen som er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, noteopplysningar og konsernoppgjær er avgjeve av selskapet sitt styre og dagleg leiar. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen, årsmeldinga og selskapet sine forhold, i samsvar med gjeldane lover.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk. Vi har planlagt og utført revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg sikkerhet for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalde delar av materiale som er grunnlag for beløpa og den øvrige informasjonen i årsrekneskapen. Revisjonen omfattar også vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta og vesentlege estimat utarbeida av leiinga og vurdering av den totale presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad god revisjonsskikk seier det har vi gått gjennom organisasjonen si formuesforvaltning og intern kontroll. Vi meiner at vår revisjon gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er utarbeida og fastsett i samsvar med lov og forskrifter, og gjev eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 1999 og for resultatet og kontantstraumane i selskapet i rekneskapsåret som stemmer med god rekneskapsskikk.
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentlig og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.
- opplysningar i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetningen om fortsatt drift og forslag til disponering av overskot er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysningane stemmer med årsrekneskapen.

Stord, 15.mars 2000.

Lenmar Sortland

Distriktsrevisor


10 Sigevassparametrar

Parameter	Eining	Snitt
Vassmengd 1999	m ³	257,500
pH		6,64
Leidningsevne	mS/m	381,92
Kjeldahl-N	mg/l	233,33
Ammonium	mg/l	216,75
Klorid	mg/l	343,42
KOF	mg/l	1744,58
Kvikksølv (Hg)	µ/l	0,01*
Bly (Pb)	µ/l	1,35
Kadmium (Cd)	µ/l	0,98
Jern (Fe)	mg/l	43,64
Krom (Cr)	µ/l	22,58
Kobbar (Cu)	µ/l	14,08
Natrium (Na)	mg/l	286,28
Bor (B)	µ/l	1951,20
Total fosfor (P)	mg/l	3,56
BOF	mg O2/l	1289,00
Hardleik	mmol/l	9,52
Arsen (As)	µ/l	0,00
Kalium (K)	mg/l	200,80
Sulfat	mg SO4/l	21,36
Aluminium (Al)	µ/l	241,40
Sink (Zn)	µ/l	559,00
Nikkel (Ni)	µ/l	21,60
AOX	mg/l	0,81
Fenol	µ/l	412,75
Aromater	µ/l	777,75
PAH		0,02
Priority pollutants		
PCB	µ/l	

Note: *Verdien er korrigert for målefeil, etter at prøvane over ein periode vart infisert av ei konserveringssyre som vart tilsett prøvane. Årleg evalueringsrapport vert sendt til Fylkesmannen. Kwart fjerde år vert det gjort resipientundersøking i Stokksundet.

Den nye miljøsentralen i Kvinnherad





Mår i gammalt hakkespetthol

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Svartasmoget N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Internett: [Http://www.sim.as](http://www.sim.as)
Foretaksnr.: NO 958 284 837 MVA